



SAKSHANDSAMAR  
Erik Småland

VÅR REF.  
07/01419-65

ARK. F - Fartøy  
Vestgar

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
06.06.2016

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Øygardsbåtane AS  
Geitanger  
5360 KOLLTVEIT

## LMEA - M/S Vestgar - vedtak om dispensasjon frå fredingsføreseggnene i samband med arbeid på skipet

Vi syner til Dykker søknader av 06.01.2016 om rekonstruksjon av lukekarm på framdekket, restaurering av akterskott i lasterom og tanktopp i tank 3 på babord side midtskips samt søknad av 03.03.2016 om fjerning av skott i akterkant av bakken.

### Ansvarleg søker

Ansvarleg søker er Øygardsbåtane A/S.

### Omsøkte tiltak

Søknaden omfattar følgjande tiltak:

- Rekonstruksjon av lasteluka på framdekket
- Utbetring av defekt tanktopp i tank nr. 3 på babord side midtskips
- Utbetring av defekt akterskott i lasterom.
- Fjerning av nyare akterskott under bakkdekket.

### Heimel for freding og mynde

M/S «Vestgar» er freda gjennom vedtak av 08.01.2014 med heimel i kulturminnelova § 14a.

Riksantikvaren har i medhald av føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 12 mynde til å gjere unntak frå vedtak om freding.

### VEDTAK:

Med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 15 fyste lekk vert det gjeve løye til å gjennomføre følgjande tiltak på det freda fartyet:

- Tiltak 1: Rekonstruksjon av lasteluka på framdekket.
- Tiltak 2: Utbetring av defekt tanktopp i tank nr. 3 på babord side midtskips.
- Tiltak 3: Utbetring av defekt akterskott i lasterom.
- Tiltak 4: Fjerning av nyare akterskott under bakkdekket.

Alle tiltaka er i tråd med planane for tilbakeføring av skipet til utsjånaden frå tida som ruteskip fram til 1979.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Vilkår 1: Rekonstruksjon av lasteluke skal skje på grunnlag av dokumentasjon i form av originale teikningar og historiske foto.
- Vilkår 2. Utbetringar av defekt stål i tanktoppar og skott skal utførast i tråd med den originale utføringa på desse stadene.

- *Vilkår 3: Dersom fjerning av nyare akterskott under bakkdekk medfører at t.d. elektriske kablar, røyr o.a. må leggjast om skal desse setjast opp slik dokumentasjonen tilseier at dei var siste år i drift som ruteskip i 1979.*

*Etter ferdigstilling av arbeidet skal det sendast inn dokumentasjon med foto til Riksantikvaren.*

*Løyvet gjeld i 3 – tre – år fra vedtaket er motteke.*

### **Grunngjeving**

I tida som misjonsskip etter 1979 vart lasteluka på framdekket fjerna og det vart montert eit skott i akterkant av bakken. Søknadene gjeld høve til å rekonstruere utsjånaden frå tida som ruteskip fram til 1979. Tiltaka er også naudsynte i samband med diverse arbeid på skipet og sertifisering som passasjerskip.

Restaurering av akterskott i lasterom og tanktopp på babord side i mannskapsinnreiinga midtskips krev at det vert laga tilkomst for nye stålplater ned under dekk. Ei rekonstruksjon av lasteluka på framdekket vil gje slik tilkomst, og det vil difor høve å få dette utført no. I samband med nytt passasjersertifikat har det kome fram at utvendes dekksareal er for lite, noko som kan ordnast ved å fjerne skottet under bakken som vart montert i tida som misjonsbåt. Arealet inn under bakkdekket vil då igjen kunne rekna som del av framdekket og vere tilstrekkeleg til at krava vert oppfylte.

I følge fredingsføresegne av 08.01.2014 punkt 1 krev tiltaket dispensasjon: *Fartyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.* Samstundes går det fram av punkt 5 at *Fredinga skal ikkje vere til hinder for naudsynt restaurering av skipet eller for tilbakeføring av arrangementet til perioden som ruteskip fram til 1979.* Då søknaden om dispensasjon er i tråd med føremålet for fredinga, og/eller gjeld tiltak som er naudsynte for at fartyet skal kunne vere i drift, vil Riksantikvaren gje dispensasjon frå fredingsføresegne.

### **Høve til å klaga**

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Dersom Riksantikvaren ikkje tek klaga til følgje, vert ho sendt til Klima- og miljødepartementet som vil fatte endeleg avgjerd i saka.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)  
seksjonssjef

Erik Småland  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjent**

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN